



Ronny Kroka (t.v) er ny dagleg leiar i Uskedal Røyr & Multiservice, her saman med Geir Vimme som er tilsett i firma.

Det er eigarskifte i Uskedal Røyr & Multiservice. Ronny Kroka er ny dagleg leiar. Med seg ute i arbeid har han Geir Vimme. Den formelle overtakinga var 1. oktober 2019. Tidlegare eigar var Arvid Hjelmeland. Lager og kontor er på Børnes Industriområde. Det er god tilgang på arbeid, alt frå hytter, boligar til serviceoppdrag. Kroka har også godkjenninga, som skal til, for å ta industrirøyrlegging.

Dei nye eigarane i Uskedal Røyr & Multiservice er:

- Ronny Kroka: 50 %
- Oddbjørn Kroka: 25 %
- Thomas Eide: 25 %



Ronny Kroka og Geir Vimme hadde arbeidet med ferdigstilling av handikaptaoiletet i Gamleskolen.

Firma tek alle typar oppdrag innan røyrfaget. Det gjeld total renovering av bad, men også service, trykktesting, filminspeksjon og arbeid med avløpet.

Uskedal Røyr & Multiservice har alt røyrarbeidet i Ospelunden i Uskedalen. Ein ny to mannsbustad er nett ferdigstillt. Om ein månad startar arbeidet på neste tomannsbustad. Elles tek firma oppdrag i heile Kvinnherad og i nabokommunen Ullensvang.

Ein god plass dei siste åra har vore Sand i Ryfylke med mykje arbeid i nye hyttefelt.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

Ronny Kroka **Dagleg leiar**

 ronny.uskedal.royr@gmail.com

 **46 80 80 10 - 92 80 79 39**

 www.uskedal-royr-multiservice.no

Uskedal Røyr & Multiservice
Børnes 23
5463 USKEDALEN
Org.nr.: 916 321 643 MVA.

 **VVS**
FAGMANN
SPECIALIST PÅ RØR OG RØRTEKNIKK

 **USKEDAL**
RØYR &
MULTISERVICE

Koret syner firmanamn, firmaadresse, organisasjonsnummer, mobiltelefonar og e-post adresse.